

15.april 2016

Ordførarane i Nordhordland

Innbyding til markering av Fridomsdagen/Veterandagen 8. mai 2016

Som de veit har Regjeringa bestemt at denne dagen skal markerast som Fridoms/veterandagen.

Nordhordland Forsvarsforeining har laga til ei slik tilskipping dei siste åra. (sjå www.nordhordlandff.no.)

Dette året samarbeider me med med Lindås Kommune om dette.

Tilskippinga vil vera på Lindås, med fredsgudsteneste søndag 8. mai i Lindås Kyrkje kl 1100, med kransnedlegging. Sjøforsvaretes musikkorps vil delta med musikk.

Deretter vert det ei samling i Haugatun med middag og kaffi. Her vert det 8. mai tale ved Otto Dyrkollbotn og tale for utanlandsveteranane ved tidlegare FN-soldat Ivar Fammestad. Musikalsk underhaldning og helsingar.

Me innbyr spesielt alle Veteranar frå Forsvaret, frå Tysklandsbrigaden og seinare FN-veteranar. Sjølvstakt også eventuelle veteranar frå 2.verdskrigen og også krigseglarar.

Nordhordland Forsvarsforeining vonar at De som Ordførarar i ein av nordhordlandskommunane har høve til å vera med på denne tilskippinga.

Gjev oss gjerne ei tilbakemelding om kven som eventuelt kjem frå din kommune seinast 30. april.

Detaljert program vert tilsendt seinare.

Vel møtt!

Med helsing
Nordhordland Forsvarsforeining

Atle Bondevik
Leiar